

# Hjarteleg velkomen til nynorske litteraturdagar 2019!

## Praktisk informasjon:

Omtalar av arrangementet og oppdaterte nyhende finn du på [www.nynorskelitteraturdagar.no](http://www.nynorskelitteraturdagar.no) og på facebookside vår.

Festivalpass før 1.sept: kr 2000,- etter 1.sept. kr 2300,-  
Fredagspass kr 750,- Dagpass laurdag kr 600,- Kveldsbillett laurdag kr 750,-

Alle typar festivalpass og enkeltbilletter kan du kjøpe på [ticetco.no](http://ticetco.no) .  
Sekretariatet er ope under festivalen - her kan du også kjøpe billetter.  
Alle arrangement skjer på Fretheim hotell i Flåm.  
Ynskjekonserten blir i Vangen kyrkje.



KULTURRÅDET  
Arts Council  
Norway



Fretheim Hotel



18.-20.oktober 2019  
Fretheim hotell, Flåm



Me ynskjer alle å vere lukkelege. Å kjenne på ei glede – At du når eit mål, at du meistrar at du får positive tilbakemeldingar, at nokon møter deg med eit smil. Gleda over berre å vere til.  
Festivalen ynskjer å inspirere til livsglede – til å smile, le og å finne fram livsnyteren i deg!  
Her kan du få fråtse i opplevingar og inntrykk – du kan flire og le, humre og gapskratte – men også få inspirasjon, gode møte og rom til ettertanke.  
Du er hjarteleg velkomen til å vere med oss denne helga. Det vert møte med forfattarar som har tenkt tankar om temaet og gjeve liv til karakterar i forteljingar som kanskje kan inspirere oss i våre eigne liv. Det vert herlege musikalske sprell som me vonar vil gje deg lyst til å trø takten og som kan få deg til å rugge litt!

VELKOMEN!

## Forfatterbesøk på skulen:

Onsdag 16.oktober Malin Hellebø  
Fredag 18.oktober Asbjørn Rydland

## Fredag 18.oktober

### 19.00 Opningsarrangement (150,-)

Smakebitar frå programmet med noko attåt!

### 20.00 Bokpresentasjon (200,-)

Gunnar Garfors har reist jorda rundt og besøkt alle land - fleire gonger! Bli med!

### 21.00 Forestilling (300,-)

Patti Smith på nynorsk - Brit Bildøen m/fl dette kan du ikkje gå glipp av!

### 22.30 Konsert (350,-)

Stein Torleif Bjella kjem med gitaren og eit herleg utval av sine låtar, det går også rykte om ei slags lodd trekning - velkomen!

## Laurdag 19.oktober

### 09.00 Poesiyoga - den beste starten på dagen!

### 11.00 Bokpresentasjon (200,-)

Sigri Sandberg "Mørke" - aktuell og viktig bok om frykt og fascinasjon for det naturlege mørket, men også om lysforureining!

### 12.00 Litterær samtale (200,-)

Brit Bildøen - ein av våre fremste samtidsforfattarar i samtale med Torunn L. Todal. Ho fekk *Nynorsk litteraturpris* for romanen "Tre vegar til havet" i 2018.

### 13.00 Forestilling (SoFt) (150,-)

Kyrre Eikås Ottersen "Vinje - vår mann"

### 14.00 Bokbad (200,-)

Lars Svidsal sin roman "Seg til inkjes" er tema i samtale med Torunn L. Todal



### 15.00 Familiekonsert (enkelt bill 100,- / fam bill 300,-)

Good Time Charlie - full fres for små og store! Du kan bli med å syngje og danse så mykje du vil - hurra!

### 15.00 Bokbad (200,-)

Åsmund Husabø har fått mykje god merksemd for debutromanen "Håkon". Me møter han i samtale med Torunn L. Todal

## Kveldsprogrammet - alt på ein billett! (750,-)

Me inviterer til ein laurdagskveld fylt med variert program for både kropp og sjel. Me vonar du blir med!

### 18.30 Velkomst - leskande!

### 19.00 Anne Gunn Halvorsen "Stress"

- eit underholdande bilete av tida me lever i!

### 20.00 Tapas - med mykje godt!

21.30 Torbjørn Ljones - "Kvitanesen" byr på gode historiar med glimt i auga og snert i replikken!

23.00 Good Time Charlie - drivande god blues du kan svinge deg til!

## Søndag 20.oktober

### 09.00 Poesiyoga - den beste starten på dagen!

### 11.00 Lokalhistorisk foredrag (150,-)

Svein Indrelid om livsglede før og no og litt imellom!

### 12.00 Bokpresentasjon (150,-)

Haakon Skjerdal i samtale med Johs B. Thue om boka "Draumar og røyndom under Blåskavlen"

### 13.00 Forestilling (SoFt) (150,-)

Kyrre Eikås Ottersen "Vinje - vår mann"

### 15.00 Ynskjekonsert (300,-)

Nynorske songar i Vangen kyrkje. Lokale krefter med gjester. Her blir det mykje flott å høyre!

Musikkprosjektet "Stilige Dan", som har sett nynorske tekstar til musikken til bandet "Steely Dan", kan du høyre to gonger i løpet av helga!